



*Øystre Slidre kommune*  
*- rein naturglede!*

# Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Vedteke av kommunestyret 11.09.2025,  
sak 25/7637

---

# Innhald

Innhald .....	2
Innleiing.....	3
Bakgrunn for planen .....	3
Kartleggingar og grunnlagsdokument som ligg til grunn for val at tiltak .....	3
Risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar.....	4
Førebygging .....	5
Oversikt over kommunen sine førebyggjande tenester og tiltak.....	6
Evaluering av planen.....	15

# Innleiing

## Bakgrunn for planen

Barnevernlova § 15-1 seier:

### **«Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt**

*Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler åtferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.*

*Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»*

lovdata.no

Tidleg innsats for å førebyggje omsorgssvikt og utvikling av åtferdsproblem krev andre tiltak enn når utfordringane har fått utvikle seg. Tiltaka i denne planen tek utgangspunkt i kunnskap om risikofaktorar som kan vere skadelege for barn (Kvello, 2023), og legg mindre vekt på symptom som allereie har kome til syne. Når ein kjem inn for seint, blir det ofte behov for meir omfattande og inngripande tiltak for både barnet og heimen.

I alt arbeid med barn skal omsynet til det som er best for barnet, tilleggjast stor vekt. Barn har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei, og alle tilsette som arbeider med barn har ansvar for å sikre at denne retten blir teken vare på.

I kommunen sin oppvekstplanen med handlingsdel er struktur for samarbeid mellom tenestene forklart, og den ligg til grunn for samhandlinga i denne planen.

## Kartleggingar og grunnlagsdokument som ligg til grunn for val av tiltak

- Oppvekstplanen for Øystre Slidre kommune 2023-2026
- Sluttrapport og delrapportar frå Oppvekstløftet
- Ungdata-undersøkinga 2024
- KORUS sør sitt støttemateriell til førebyggjande plan
- Regional handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Interkommunal barnevernteneste i Valdres sin kjennskap over saker og utvikling i Øystre Slidre og Valdres
- Oppvekstforum i Øystre Slidre si kartlegging av eksisterande tiltak

## Risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar

KORUS sør har ei oversikt over dei mest alvorlege risikofaktorane for omsorgssvikt og åtferdsvanskar og ei oversikt over dei viktigaste beskyttelsesfaktorane:

Dei mest alvorlege risikofaktorane	Dei viktigaste beskyttelsesfaktorane
Skadelege omsorgsformer (ulike former for neglekt, svikt)	Barnet får hjelp til aldersadekvat eller betre fungering på samlede kompetanseområde: kognitiv/språk, åtferd/moral, emosjonelt, sosialt, motorisk
Alvorlege krenkingar (psykisk, fysisk, vald etc.)	Barnet får hjelp til å ha vene og kjenne på å høyre til i eit sosialt fellesskap
Emosjonell utilgjengelegheit/fjernheit frå føresette	Frå 8-årsalder: barnet har ein hobby, fritidsinteresse – oppleve meistring
Rusmiddelbruk hjå føresette	Barnet tilpasser seg godt i barnehagen og på skulen, innordner seg rutinar, godtar grensesetting, er sosialt inkludert og har gode skulefaglege prestasjoner
Alvorlege former for psykiske lidningar hjå føresette	Omsorgspersonane utføre god omsorg
Utviklingsvanskar som ikkje blir forstått og hjelpt med	Omsorgspersonane er godt integrert i samfunnet og er i jobb/utdanning, har ein god fungering og sosialt nettverk
Skadeleg psykososialt miljø i barnehage og skule	SLIK AT BARNET frå 10 årsalder blir karakterisert av optimisme, positivt sjølvbilete, lett å like, sosial av natur
Levekårsutfordingar	

[Forebyggende plan – et tiltak i barnevernsreformen | KORUS](#)

Øystre Slidre vurderer også at foreldre med alvorlege/omfattande sjukdom kan vera ein risikofaktor som er av ein så alvorleg art at vi tek den med i vårt gunnlag for tiltak i denne planen.

# Førebygging

Førebygging kan vi forstå ved å styrke beskyttelsesfaktorane og redusere risikofaktorane. Førebyggjande tiltak vert delt inn i tre nivå: universelle, selektive og indikerte.

Universelle tiltak omfattar innsats retta mot heile befolningsgruppa utan at det er identifisert individ eller grupper med ekstra risiko. Døme på dette er fritidsaktivitetar, ferieaktivitetar, leksehjelp og frivillige organisasjonar.

Selektive tiltak er retta mot grupper der det er kjent at negativ utvikling kan førekome, og desse tiltaka skal motverke slik utvikling. Døme på dette er foreldrerettleiing og samtalegrupper for barn i delte heimar.

Indikerte tiltak er retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på utfordringar, som PMTO (Parent Management Training Oregon), aktivitetskontakt, avlastning og barnekoordinator.

I Øystre Slidre kommune forstår vi førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar slik:  
*Førebygging er dei samla tiltaka og handlingane som blir gjort rundt barn og unge for å redusere risikoen for omsorgssvikt og åtferdsvanskar.*

Indikatorar for at førebyggande arbeid innanfor omsorgssvikt og åtferdsproblem gir ønska effekt:

- Tideleg inn team har dei rette sakene, slik at hjelpeapparatet kjenner til sakene tidleg. Vil sjå det dersom saker blir kjent seinare i barnet sin oppvekst.
- Redusert omfang av bekymringsfullt skulefråvær
- Kartleggingane vise at færre ungdom melder om einsemd
- Færre familiar har behov for hjelpetiltak frå barnevernet
- Barn og unge som har behov for støtte og hjelp får det mellom anna frå psykisk helseteneste og skulehelsetenesta, som eit lågterskeltilbod. Kartlegg antal barn og unge vi når med tilboda.
- Andel elevar som har behov for individuelt tilrettelagt opplæring i skulen går ned
- Andel elevar som melder om mobbing i sin oppvekst går ned
- Vi når fleire foreldre med kompetansehevande tiltak innanfor omsorgsrolla/forelderrolla. Mellom anna innanfor sensitivitet og følelsesmessig tilgjengeleghet for ungane.
- Andel barn som lever i heimar som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde over 6 månader går ned.
- Redusert innmelding på opplevd vald og truslar i nære relasjonar
- Antal saker i barnehagehelsetem og skulehelseteam skal vera høgst i barnehage og dei yngste elevane på skulen

- Foreldreundersøkinga i barnehagen skal vise at føresette meiner barnet sitt trivst i barnehagen og er nøgde med barnet si utvikling i barnehagen

## Oversikt over kommunen sine førebyggjande tenester og tiltak

Tabellane vise ei oversikt over mål, tiltak og kven som har ansvar for gjennomføringa av tiltaka inndelt i dei ulike tiltaksnivåa forklart ovanfor. Fleire av tiltaka vil gjelde for fleire av nivåa, men for å unngå mange repeterande tiltak er dei fleste av dei gjentakande tiltaka sett inn på lågast nivå.

Universelle tiltak gjeld alle barn og unge med deira familiar og nettverk. Dei selektive og indikerte tiltaka er hovudsakeleg basert på frivillig deltaking. Det vil seie at vi må sikre rett informasjon om tilboda og ein god relasjon med dei som har behov for hjelp, slik at dei takkar ja til tilboda vi har.

Universelle tiltak			
Mål	Tiltak	Beskriving	Ansvar
Foreldre skal få støtte under svangerskapet og i barseltida. Ekstra sårbare foreldre skal bli kartlagt og få særskild hjelp	Foreldreførebuande kurs  Svangerskapsomsorg  EPDS (Edinburgh Postnatal Depression Scale)  Barseltreff  Helsestasjonsprogram inkl. «I trygge hender»  Newborn behavior observation	Helsestasjonen har ulike tilbod til foreldre.	Helsestasjonen  Barnelege, fastlege, jordmor, fysioterapeut er også med i oppfølginga
Beskytte barn mot vald og overgrep. Barn og ungdom skal vite kva som ikkje er greitt at vaksne gjer mot	«Æ e mæ»  «Kroppen min eig eg»  «Spør først»	Barn skal bli kjend med eigen kropp og kjenne til grenser.  Program for å førebygge overgrep og	Barnehagane  Skulehelsetenesta i saman med skule

dei, og korleis dei kan få hjelp	Nytte tiltaka som til ein kvar tid ligg i regional handlingsplan mot vald i nære relasjoner	fremme positiv og trygg seksualitet  Tema: vald, rus, svikt og overgrep	Alle som jobbar med barn og unge
Forebygge overgrep, mobbing.	«Jegvet.no»	Program utvikla av Red barna.  Gir kjennskap til barns rettigheter	Barnehagane
Føresette og barn skal oppleve å høre til i lokalsamfunnet og gje kvarandre støtte	Barseltreff  Babytreff  Mor og babytreff  Foreldrenettverk   Foreningsportalen   Ungdomsklubben   Samarbeid med frivillige organisasjoner   Integreringsarbeid retta mot barn i flyktningfamiliar	Barnehagane og skulen legg til rette og forventar at kvar gruppe har felles samlingar for føresette kvart år.  Klassekontaktane arrangerer møtepunkt for foreldrenettverket   Gir god oversikt over aktivitetar som skjer i kommunen  Skal gje ulike tilbod til ungdommane. Lågterskel   To faste møter i året for å dele informasjon og samordne seg   	Helsestasjonen  Frivilligsentralen  Frisklivsentralen   Barnehage og skule     Kulturavdelinga     Ung kultur     Kulturavdelinga     Integreringstenesta og alle andre tenester som møter familiene

Kommunen bidreg med å gjere foreldre trygge i rolla si, bli kjend med andre foreldre og kjennskap til skule og barnehage	Helsestasjonsprogram Foreldreskule	Fast oppfølging på helsestasjonen  To årskull i barnehagane, 1. klasse, 5. klasse og 8. klasse har foreldreskule. Tema ligg i eigen plan	Helsestasjonen  Barnehage og skule
Barn og unge skal ha trygge og inkluderande barnehagemiljø og skulemiljø	Alle barnehagane og skulane deltek i læringsmiljøprosjektet 2025-2027	Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsenteret gir fagleg rettleiing i to år for å sikre gode læringsmiljø. Oppstart april 2025.	Barnehagane og skulane
Barn skal få hjelp til å utvikle seg både motorisk og sosialt i eit fellesskap	Helsestasjonsprogram med mellom anna 4-årskontrollen som består av observasjon i barnehagen i tillegg til samtale på helsestasjonen	Det blir eit tettare samarbeid mellom helsestasjonen og barnehagen.	Helsestasjonen  Barnehagen samarbeider
Leiken er ein arena for sosial læring	Leiken i barnehagen får stor plass  Fokus på leik i overgangen mellom barnehage og skule  Frileik for 1. og 2. klasse	Personale har god kompetanse på leik  Ligg i overgangsplanen barnehage og skule  Frileik er timeplanfesta og følgt opp av personalet	Barnehage  Barnehage og skule  Skule
Uteområdet som læringsarena legg til rette for øving i sosial kompetanse	Uteskule i barneskulen	Uteskule er ein læringsarena/ metode som blir systematisk brukt for fagleg læring i ein anna kontekst.	Skule
Dei yngste elevane kan vera med i eit fellesskap i løpet av sommarferien,	Ferie-SFO med mogleg redusert betaling	Blir gjennomført på ei av barneskulane	Barneskule

haustferien og vinterferien med aktivitetar som gir meistring og gode opplevingar			
Barn og unge skal bli tryggare på å meistre eigne liv, kunne handtere utfordringar	<p>Psykologisk fyrstehjelp</p> <p>Nyttar LINK (Livsmeistring i norske klasserom) på alle skulane</p>	<p>Skulehelsetenesta og psykisk helse arbeider med raudde og grøne tankar i 1. klasse og informerer føresette på foreldreskule</p> <p>Skulehelsetenesta og psykisk helse arbeider med hjelpehanda i 5. klasse og informerer føresette på foreldreskule</p> <p>Alle trinn arbeider systematisk med livsmeistring der mellom anna LINK skal vera eitt av verktøya</p>	<p>Skulehelsetenesta og psykisk helse</p> <p>Skule</p>
Barn og ungdom er ein del av fellesskapet ved å ha lite fråvær frå barnehage og skule	<p>Barnehage: gjere føresette merksame på kva barnet får ved å vera i barnehagen som ein del av eit fellesskap.</p> <p>Halde rutinar.</p> <p>Skule: nytte plan for førebygging av alvorleg skulefråvær</p>	<p>Bruke foreldremøte og enkeltsamtaler</p>	<p>Barnehagen</p> <p>Skule</p>
Ungdom utsett sin alkoholdebut, redusere bruk av alkohol og andre rusmiddel	Utsett!	<p>Opplegg frå KORUS:</p> <p>Foreldremøte på 8., 9. og 10.trinn.</p> <p>Opplegg for elevane på 9. trinn</p> <p>Ei arbeidsgruppe planlegg gjennomføring av Utsett. Det er eit ynskje at FAU er med i arbeidsgruppa.</p>	<p>Ungdomskulen</p> <p>Skulehelsetenesta, psykisk helse og Ungkultur er med i arbeidet</p>

Ungdom skal kunne ha ei meiningsfull fritid	Tilbod om ungdomsklubb  Kulturskuletilbod  Mogleg å låne utstyr	Utstyrslager med god tilgang til utstyr ungdom treng for å delta på aktivitetar eller vera ute i naturen	Ung kultur  Kulturskulen  Frisklivscentralen
Sikre at barn og ungdom får gode overgangar og blir ivaretake når dei kjem skulen, byte mellom skular	Overgangsplan barnehage-barneskule  Barneskule-ungdomsskule  Ungdomsskule - vidaregåande skule	Planane varetok tiltak direkte inn mot borna/ungdommen og tiltak for føresette	Barnehage og skule
Barn og unge skal bli møtt av vaksne som skaper ein trygg relasjon til dei	COS-P   Tiltak etter læringsmiljøprosjektet  «Open dør» tilbod	Alle skulane og barnehagane har kursa tilsette i COS-p for skule og barnehage.  Barnehagane og barneskulane nyttar “Se barnet innenfra”, “Se eleven innenfra” og “Se ungdommen innenfra” i sitt profesjonsfellesskap   Skulehelsetenesta er ute på skulane og lett tilgjengeleg for elevane	Barnehage og skule   Barnehage og skule  Skulehelsetenesta

Selektive tiltak			
Mål	Tiltak	Beskriving	Ansvar
Føresette med anna kulturell bakgrunn skal få foreldrerettleiing som er tilpassa deira behov	ICDP	Program med foreldrerettleiing som også er retta mot familiar med anna kulturell bakgrunn	Integreringstenesta Helsestasjonen er med på gjennomføring
Barn med delte heimar skal få tilbod om hjelp til å betre handtere utfordringar dei møter i kvardagen	Skilsmisseggrupper	Blir gjennomført på ei av skulane kvart år	Skulehelsetenesta og psykisk helse
Elevar med funksjonshemming og som treng store tilretteleggingar skal få ein skulekvardagen som gir dei best mogleg utviklingsmoglegheiter	Basisgruppe	Personalet er sett saman med tverrfagleg kompetanse.  Elevane hører til basisgruppa, men også klassetrinnet sitt.	Lidar skule
Barn og unge skal få hjelp så tidleg som mogleg for å redusere faren for skeivutvikling	Tidleg innsats i skulen (Opplæringslova)	Tidleg innsats betyr å forebygge både fagleg og sosialt. Det skal settast inn tiltak for tidleg innsats også når barn og unge kjem flyttande til kommunen.	Skulen
Barnehage og skule skal kunne fange opp ekstra behov på eit så tidleg tidspunkt som mogleg	PPT og barnevern inn i barnehage og skule	Tettare samarbeid på systemnivå styrkar kompetansen i barnehagane og skulen.	PPT og Interkommunalt barnevern
Føresette kan få heve foreldrekompetanse	TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko)  COS-P  Tuning in to kids/tuning in to teens	Gruppetilbod	Helsestasjonen  Helsestasjonen  Helsestasjonen og psykisk helse
Der grupper/klasser vise teikn til skeivutvikling kan barnehagen og skulen be om systemrettleiing frå PPT	Systemrettleiing med PPT	Går inn og hjelper dei vaksne i gruppa for å kartlegge og sette inn eigna tiltak	Barnehagane og skulane tek kontakt om formidlar behov til PPT

Skule og barnehage skal sette inn eigna tiltak når det er observert skeivutvikling i gruppa eller på individnivå	Pedagogisk analyse	Metode som hjelper tilsette i å arbeide systematisk for å sette inn rett tiltak for å betre ein situasjon anten for enkeltelevar eller for grupper av elevar	Skule og barnehage
--	--------------------	--	--------------------

Indikerte tiltak			
Mål	Tiltak	Beskriving	Ansvar
Vi skal kunne oppdage og sette inn hjelpetiltak under graviditet og i barsel	Tidleg inn team	Gravide og småbarnsfamiliar får hjelp innanfor rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid	Helsestasjonen, barnevernet, jordmor, lege, psykisk helse
Foreldre skal kunne få individuell rettleiing	TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko) PMTO (Parent Management Training – Oregon) COS-P (rettleiingsprogram) Tuning in to kids/tuning in to teens		Helsestasjon, barnevernet, psykisk helseteneste
Barn frå heimar med midlertidig eller langvarig låg inntekt skal kunne delta på fritidsaktivitet	Lokal fritidskasse COOP-dugnad Støtteordning til Fjellcamp Ferie for alle (Røde kors) Låne utstyr frå utstyrssentralen Redusert foreldrebetaling: kulturskule	Kommunale ordningar og tiltak via Røde kors	Helsestasjon og kultur
Barn og unge skal ha nokon vaksne å prate med som kan bidra til at dei kan handtere livet og vidareutvikle ei sunn helse	Samtale med miljørettleiar/sosiallærar/skulehelsetenesta/psykisk helseteneste/kommunepsykolog  Bruk av gjelande tiltak i regional plan mot vald i nære relasjonar	Ressursar som barn og ungdom kan nytte i løpet av skuledagen  Planen sin handlingsdel	Skulen og skulehelsetenesta  Alle som møter barn og unge i sitt arbeid
God samhandling	Barnehagehelseteam	Tverrfagleg samarbeid i	Barnehage

for å sette inn rett hjelpetiltak for barn og ungdom tidleg	Skulehelseteam  Innsatsteam	kommenen på lågterskel  Møte ein gong i månaden	Helsestasjon og psykisk helse/kommunepsy kolog er med  Skule Helsesjukepleier og psykisk helse er med  Leiar for innsatsteam. Skule, barnehage, helsestasjon/ skulehelset., lege, PPT, barnevernet, psykisk helseteneste, BUP deltek
Vi skal kunne ta tak i observasjonar og bekymringar tidleg	Følgje rutine ved bekymring for barnehage og skule  Bruke flytskjema ved bekymring  Bruke bekymringsskalaen til barnevernet	Rutine som hjelper til tidleg i bekymringa  Har eit tilpassa skjema for barnehage og skule  Barnevernet har utarbeidd eit dokument som skal hjelpe til med å avklare bekymringa rundt eit barn	Barnehage, skule, skulehelseten., helsestasjonen, psykisk helse, kulturskulen
Familiar med barn med behov for samansette tenester skal få rett hjelp	Koordinator/barnekoordinator  Individuell plan  Ansvarsgruppe	Kommunen har plikt til å hjelpe familiar med store behov	Koordinerande eining  Koordinator/ barnekoordinator  Koordinator/ barnekoordinator

Instansane skal kunne samhandle til det beste for barnet/ung.	Instansmøter Innsatsteam	Møte der aktuelle instansar klargjer kva dei kan bidra med inn i arbeidet rundt barnet/ung.	Koordinator, rektor, styrar, leiar av innsatsteam
Barn og ungdom i skule og barnehage med særskilde behov skal få tilpassa hjelp	Samarbeidsmøte	PPT og ev. BUP eller HAB bidreg med rettleiing til tilsette i barnehage og skule. Heimane deltek også i møta	Barnehage Skule
Barn og ungdom skal kunne ha ei aktiv og sosial fritid ut i frå deira fungering	Aktivitetskontakt	Kan hjelpe til med å kome i aktivitet og delta i sosiale fellesskap	Alle som arbeider med barn og unge tek initiativ til å informere om tiltaket.  Tildelingskontoret fattar vedtak
Pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver skal få avlastning	Barneavlastning	Kommunen har eigen avlastningsbustad der barn og unge kan ha opphold på ettermiddag, overnatting og helger/feriar	Tildelingskontoret fattar vedtak. Tilrettelagte tenester har ansvaret for gjennomføring av vedtaket
Oppdage barn som er sårbare	Personale har god kompetanse på kva som er sårbare faktorar  Barnehagen og skulen har gode rutinar for å fange opp og følge med  Kompetanse og kultur for den vanskelege samtala		Barnehagane, skulane, psykisk helseteneste, helsestasjonen, tilrettelagte tenester

Det vil vera eigne rutinar der det er behov for det for å lykkas med gjennomføringa av tiltaka.

## Evaluering av planen

Oppvekstforum skal ein gong i året:

- vurdere om førebyggjande plan ivaretok barn og unge ut i frå målsettinga med planen

- evaluere gjennomføring og effekt av planen ved hjelp av indikatorane for effekten av det førebyggjande arbeidet.

Oppvekstforum kan justere tiltaka innanfor måla dersom det fagleg er grunnlag for det.

Oppvekstforum kan melde inn behov for revidering av planen dersom det er behov for endringar ut over justering av tiltak.